



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8829 - 21/70816


Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
26.10.2021

Uttale søknad om rasteplass og parkering for badeplass ved Austevatnet - gbnr 499/2 Ystebø

Tiltak: Rasteplass og parkering for bådeplass ved Austevatnet
Byggestad: Gbnr 499/2 Ystebø
Tiltakshavar: Austebygd Grendalag
Ansvarleg søkar: Austebygd Grendalag v/ Knut Sylta

Saka gjeld søknad om badeplattform, rasteplass og parkering for badeplass ved Austevatnet i Radøy.



Planstatus

Arealet ligg innanfor område sett av til LNF-føremål i kommuneplan for tidlegare Radøy. Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med friluftsføremål, men det er naudsynt med dispensasjon i frå byggegrense mot sjø.

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert oversendt dokumentasjon. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning er positive til tiltaket, men har følgjande merknader:

1. **Parkeringsplass:** Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning kan ikkje sjå at det ligg føre søknad avkøyringsløyve til parkeringsplassen som er tenkt etablert på gbnr 499/4,9. Parkeringsplasser langs offentlege veger skal ha ei definert avkjørsle slik at ein unngår rygging inn frå og ut i kommunevegen.


Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no


Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dette er eit krav som vert sett av omsyn til tryggleika til dei som ferdes i og langs vegen. Med søknad skal det leggast ved situasjonsplan som viser parkeringsplass, avkjørsle med svingradius og siktzone. Snuareal må også være vist.

Detaljteikning for avkjørsle



Lengdeprofil for avkjørsle



- Etter det vi kan sjå er det ikkje sendt inn søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg etter Veglova § 29. Det må sendast inn søknad for parkeringsplass på gbnr 499/4,9 og for bru på gbnr 499/2. Krav til grøfteareal mellom kommunal veg og tiltak vil gjelde for begge eigedomane.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG